

”Vi er overvelda over den interessa og det engasjementet vi har møtt under Skandinaviadagane i Nederland”, seier Valdresdelegasjonen ved ordførar, i Øystre Slidre, Gro Lundby. ”Så stort mot, så mykje framtidstru skal ein leite lenge etter.

No må arbeidsgjevarar i Valdres som har behov for arbeidskraft ta kontakt med oss, for svært mange ulike profesjonar har lagt att adresse med håp om kontakt, alt frå psykiatriske sjukepleiarar til slaktarar og mekanikarar. Og dei treng husvere, så sei frå alle som har husvere til leige!”

Resultat:

Mange kom godt forberedt med ferdigskriven CV. Mange vil kome til Valdres på ein organisert visningstur i mai eller i august, faktisk så mange som 60 familiar, ein tur næringslivet i Valdres er invitert til å vere med på for å møte potensielle arbeidstakarar. ”Vi gjekk tomme for informasjonsmateriell etter halv dag, men den personlege kontakten heldt fram, og den er jo den viktigaste.” Mange hundre var innom standen eit samla Valdres hadde laga til. Alle dei seks kommunane var representerte, tre av ordførarane, NAV, Valdres Næringshage og fleire bedrifter deltok, som Tonsåsen, Begna Bruk, JVB, Fekjær psykiatriske senter og Fjellbygda Beito. ”Vi har fått napp hos bakarar, slaktarar, mekanikarar, helsepersonell, reiselivsfolk og kokkar. Alle bedriftene som var med, melder om konkrete kontakter . Så dette har gått over all forventning. Det avgjerande no blir om vi greier å følge opp den einskilde godt nok. Jo meir konkret, jo betre.”

Kvifor ?

To stikkord:

Nedgang i folketall : Minus 7.7 % sidan 1988, auke i landet i same tidsrom på 11.8%
Mangel på arbeidskraft i privat sektor og i

offentleg sektor

Nederland har 16,5 mill på 40 tusen kvadratkilometer. Mange lengtar etter eit anna liv.

Prosjekt

Firmaet Placement garanterer 70 personar til Valdres over to år. Allereie etter eit halvt år har vi fått 25 som har kome eller kjem dei næraste vekene. Denne turen er del to i opplegget. Finansiering over to år: 1.8 mill frå kommunane, Valdres Natur og kulturpark og Oppland Fylkeskommune.

Spesifikt for Valdres?



Privat og offentlig sektor i Sør-Aurdal var representert ved Tor Anders Perlestenbakken, Elling Fekjær, Kåre Helland, Karin Stegarud og Torkild Waagaard.



Elling Fekjær.



Karin Stegarud.



Ordfører Kåre Helland i prat med besøkende på messa.



Valdresdelegasjonen samlet i messehallen.



Begna Bruk ved Torkild Waagaard skaffer seg kontakter.

